# Møtereferat
# FAU-møte 21.01.2025 kl 20.00-21.30

**Sted:** Øyra skole, Miniauditoriet 3.etasje
**Møteleiar**: Kjetil Mastad Vestergaard
**Sekretær**: Kirsti Gaudestad
**Til stede:**

| Klasse | Klassekontakt | Klasse | Klassekontakt |
|---|---|---|---|
| 1A | Vebjørn Krumsvik Skeide, Beate Krøvel Humberset | 1B | Marte Susann Sæten, Andreas Johnson(vara) |
| 2A | Andrea Velle, Kjetil Mastad Vestergaard | 2B | Kaisa Hegertun Monsholm |
| 3A | Håvard Gråbak | 3B | |
| 4A | Miriam Wiksnes | 4B | Maren Leikanger Løken |
| 5A | Robert Fremmerli Steinnes | 5B | Kirsti Gaudestad, Karen Rosenberg Olsen |
| 6A | Torstein Drabløs, Elise Kvålseth Hunnes | 6B | Synnøve Grevstad, |
| 7A | Kjerstin Seime-Lillefosse | 7B | Rita Kiperberg |
| Øvrige | Håvard Strand, ass. rektor | | |

| Sak | Saksnavn og referat | Oppfølging |
|---|---|---|
| 1 | **Gjennomgang av Elevundersøkelsen (Håvard)** | |

I fjor viste elevundersøkinga dårlege resultat, og resultata kom ut i media før føresette fekk informasjon. I år vart det laga ein gjennomføringsplan for å sikre informasjon til elevane før gjennomføring og distribuering av resultat til føresette.

Føresette fekk informasjonsskriv i Vigilo i oktober, og lærarane deltok på eit informasjonsmøte i god tid før gjennomføring. Klassene vart oppfordra til å gjennomføre undersøkinga i god tid før fristen for å unngå stress.

9. januar fekk skulen tilgong til resultata, og 13. januar vart dei offentleggjort. Håvard sende ei kort samanstilling av resultata på Øyra i Vigilo på morgonen den 13. januar. Ved spørsmål frå media er det kommunalsjef oppvekst som skal svare, men det har ikkje vore skrive noko om elevundersøkinga lokalt i år.

Resultata på Øyra skule er relativt likt svara i Volda, Møre og Romsdal og heile landet. Skalaen går frå 1-5, der 5 er høgast/mest positive verdi.

| | **5. klasse** | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Øyra | Volda | M&R | Landet |
| Trivsel | 4.2 | 4.2 | 4.1 | 4.2 |
| Støtte frå lærar | 4.5 | 4.5 | 4.5 | 4.5 |
| Støtte heimanfrå | 4.1 | 4.0 | 4.1 | 4.3 |
| Vurdering for læring | 3.6 | 3.7 | 3.7 | 3.8 |
| Læringskultur | 3.9 | 4.0 | 3.9 | 4.0 |
| Meistring | 3.9 | 3.8 | 3.8 | 3.8 |
| Motivasjon | 3.6 | 3.6 | 3.6 | 3.7 |
| Elevdemokrati og medverknad | 3.7 | 3.6 | 3.7 | 3.8 |
| Felles reglar | 4.5 | 4.4 | 4.4 | 4.4 |
| Fagleg utfordring | 3.7 | 3.6 | 3.8 | 3.8 |

| | **6.klasse** | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Øyra | Volda | M&R | Landet |
| Trivsel | 4.0 | 4.1 | 4.1 | 4.1 |
| Støtte frå lærar | 4.3 | 4.3 | 4.3 | 4.3 |
| Støtte heimanfrå | 4.2 | 4.0 | 4.1 | 4.3 |
| VFL | 3.6 | 3.6 | 3.7 | 3.7 |
| Læringskultur | 3.9 | 3.8 | 3.8 | 3.9 |
| Meistring | 3.9 | 3.8 | 3.8 | 3.9 |
| Motivasjon | 3.4 | 3.5 | 3.4 | 3.6 |
| Elevdemokrati og medverknad | 3.4 | 3.5 | 3.5 | 3.7 |
| Felles reglar | 4.1 | 4.1 | 4.3 | 4.3 |
| Fagleg utfordring | 3.6 | 3.7 | 3.8 | 3.8 |

**Oppvekst**
www.volda.kommune.no

Postadresse: Stormyra 2, 6100 Volda
E-post: postmottak@volda.kommune.no

Telefon 70 05 87 00
Org.nr: 939 760 946

| | 7.klasse | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Øyra | Volda | M&R | Landet |
| Trivsel | 4.0 | 4.1 | 4.1 | 4.1 |
| Støtte frå lærar | 4.2 | 4.3 | 4.2 | 4.2 |
| Støtte heimanfrå | 4.3 | 4.2 | 4.1 | 4.2 |
| VFL | 3.3 | 3.4 | 3.6 | 3.6 |
| Læringskultur | 3.9 | 3.8 | 3.7 | 3.8 |
| Meistring | 3.8 | 3.9 | 3.9 | 3.9 |
| Motivasjon | 3.3 | 3.4 | 3.4 | 3.4 |
| Elevdemokrati og medverknad | 3.5 | 3.5 | 3.5 | 3.6 |
| Felles reglar | 4.1 | 4.2 | 4.2 | 4.2 |
| Fagleg utfordring | 3.8 | 3.7 | 3.7 | 3.9 |

VFL= vurdering for læring, handlar om konkrete tilbakemeldingar om kva kvar enkelt elev kan bli betre på. Det har jamnt over vore relativt dårleg skåre på dette spørsmålet. Spørsmål fra salen: Kjenner elevane til dette og fleire av dei andre omgrepa som er brukte i spørsmåla?

Mobbing er eit særleg viktig tema:

**Oppvekst**
www.volda.kommune.no

Postadresse: Stormyra 2, 6100 Volda
E-post: postmottak@volda.kommune.no

Telefon 70 05 87 00
Org.nr: 939 760 946

**Mobbing**

*Indikatoren «mobbing på skulen» er sett saman på bakgrunn av tre spørsmål. Talet som kjem fram er del (i prosent) av elevane. Dersom resultatet er merka med * er det grunna strenge personvernreglar, og der det av ulike årsaker kan vere mogleg å identifisere elevar.*

a) *Er du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadene?*
b) *Er du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadene?*
c) *Er du blitt mobba digitalt dei siste månadene?*

**5. årssteg**

| Øyra | Volda | Møre og Romsdal | Landet |
|---|---|---|---|
| 2.1 | * | 13.6 | 15.1 |

**6. årssteg**

| Øyra | Volda | Møre og Romsdal | Landet |
|---|---|---|---|
| 7.3 | 9.7 | 12.8 | 13.6 |

**7. årssteg**

| Øyra | Volda | Møre og Romsdal | Landet |
|---|---|---|---|
| 6.3 | * | 11.6 | 12.3 |

Samla tal for Volda er unntatt offentlegheit pga personvern. Resultata er vesentleg betre enn i fjor. Dei ligg nærare resultata frå den ikkje anonyme specter-undersøkinga som også vart gjennomført i fjor. Det er utfordrande å samanlikne med resultat på elevundersøkinga frå i fjor grunna grundigare forarbeid i år.
Utfordringar på mellomsteget har vore ei bekymring hos Utdanningsdirektoratet over tid, men den negative trenden har flata ut. Der er likevel ein del utfordringar. Har vi gløymt overgangen frå småskule til mellomsteget og påkjenninga den kan vere for elevane?

2 **Oppsummering fra forrige FAU-møte 17. oktober (Kjetil)**

- Alle avtalte punkt er fulgt opp. Se referat fra forrige møte.

| | | |
|---|---|---|
| 3 | **FAU-arbeid sidan sist (Kjetil)**<br>- Våre innspel til kommunebudsjettet<br>FAU ved Øyra spelte inn eit eige dokument til saksbehandlinga i kommunen, og eit dokument saman med alle FAU ved barnehagar og skular i Volda.<br><br>- Dialog med skulen<br>→ Informasjon til foreldre om resultat frå elevundersøkinga<br><br>- Dialog med kommunen/Cecilie Bjørlykke om:<br>→ nettside for FAU-info<br>→ informasjonsskriv til foreldre om IT-sikkerheit og filter på iPad<br>→ status for arbeidet i arbeidsgruppa som jobbar med bl.a filter (Sjustjerna-samarbeid)<br>→ status for KFU-etablering (kommunalt FAU)<br><br>- SU-møte 20.nov:<br>→ Referat ligg tilgjengeleg<br>→ Dialog om digitale læremiddel<br>→ Barn på skulen frå 7.30 som ikkje har SFO og dermed ikkje tilsyn. Utfordrande for lærarar pga uheldige situasjonar.<br>→ Bilkaos og farlege situasjonar ved levering (og henting) når det er glatt. | Kjetil held fram dialogen med kommunen for å få avklaringar. |
| 4 | **Gjennomgang av arbeidet med digital veileder (Vebjørn)**<br>Arbeidsgruppe: Vebjørn Krumsvik Skeide, Cecilie Lund Vestergaard, Merete Fossheim og Raymond Corrado Knutsen<br>Arbeidsgruppa har tatt utgangspunkt i tilsvarande dokument frå andre skular. Det er eit utkast.<br>Det er viktig å få med ulike synspunkt frå føresette for å oppnå brei forankring. Utfordre føresette på i kva grad dei er einige i innhaldet. Ynskjer spesielt innspel på punktet om smarttelefon. | -Alle klassekontaktene informerar klassen sin om saka, innhentar innspel frå føresette og melder tilbake innan 01.02.25. |

| | | |
|---|---|---|
| | Mål om revidert utgåve medio mars.<br>Ynskjer å lage ein presentasjon av rettleiaren som skal brukast på fyrste foreldremøte i 1. klasse. Oppfølgande del på foreldremøte i 5. klasse. Oppfordre til bruk på alle trinn sine foreldremøte. Oppdelt i tre hovudtema; Mobilbruk, Sosiale media og Gaming. Kvart tema har vedlegg med ressursar.<br>Delen om sosiale media er kort fordi det er 13 år aldersgrense.<br><br>Det er positive tilbakemeldingar frå FAU på arbeidet som har vore gjort av arbeidsgruppa. Svært positivt at det er lenka til kjelder for ytterlegare informasjon, og dermed også enklare å halde rettleiaren oppdatert.<br><br>Tema som vart tatt opp frå representantar i FAU:<br>-Diskusjon om anbefalinga om å vente med smarttelefon til 5. klasse eller seinare, og mobilbruk blant elevar på mellomtrinnet.<br>-Mange foreldre opplever at det er vanskeleg å forstå gaming og dermed gi gode rammer for ungane på dette området. Ein god ressurs: barnevakten.no<br>-Ønske om begrensning ved hjelp av filter på skule Ipad. Det blir utarbeida ein rettleiar på dette området i Sjustjerna-samarbeidet. | -Arbeidsgruppa utarbeidar eit endeleg utkast til FAU etter 1.feb. |
| 5 | **Gjennomgang av håndboka (Kjetil)**<br>Handboka har vore på "høyring" for tilsette på skulen i ca 1 mnd. Det kom ingen innspel.<br>Kjetil gjekk raskt gjennom handboka. Det vart gitt fleire nyttige innspel.<br><br>Mål for handboka: Gi info om FAU-arbeid, trygge foreldre i klassekontaktrolla, engasjere foreldre og bidra til eit godt klasse- og skulemiljø<br><br>Målet med handbokprosjektet no: Handboka er godkjent og klar til bruk frå neste skuleår. | FAU ferdigstiller endelig utkast til håndbok innan 9. februar, og sender på høyring til skulen og føresatte. |

**Oppvekst**
www.volda.kommune.no

Postadresse: Stormyra 2, 6100 Volda
E-post: postmottak@volda.kommune.no

Telefon 70 05 87 00
Org.nr: 939 760 946

| | | |
|---|---|---|
| 6 | **Status for faste oppgaver på trinnene (17.mai-gruppa og Marknadsgruppa)**<br>Begge er i oppstart | |
| 7 | **Innkomne saker (Kjetil)**<br>7.1 Spørjeundersøking om digitale medier frå "Betre saman".<br><br>Det kom innspel om GDPR/datalagring, om spørjeundersøkingas nøytralitet og at ein må presisere at det ikkje er FAU si undersøking.<br><br>Avstemming: FAU ga støtte til at spørjeundersøkinga blir sendt ut i Vigilo.<br><br>Til 7.2: Andre småsaker: FAU diskuterte om Kjetil/FAU-leiar skal vidareformidle småsaker direkte til rektor, eller om FAU skal diskutere slike innspel og sortere kva vi vil gå vidare med.<br>FAU ynskjer at Kjetil/FAU-leiar involverer FAU når han syns det er nødvendig og naturleg, men han har støtte for at han vurderer når innspel kan sendast direkte til rektor. | 7.1: Kjetil gir beskjed til "Betre saman" om støtte til utsending av undersøkinga.<br><br>7.2: Kjetil sender "småsaker" direkte til rektor. Han involverer FAU i større saker. |
| 8 | **Evt**<br>Ingen saker | |